

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 23.03.2022

June Indrevik (Sp) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho sitt i verdsarvsrådet for Bryggen. Indrevik gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Indrevik var habil, og ho tiltredde møtet.

Knut Inge Andersen (FP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er vara i verdsarvsrådet for Bryggen. Andersen gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Andersen var habil, og han tiltredde møtet.

Stian Davies (A) sette på vegne av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

"Tillegg, nytt punkt 4

Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar.

Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.»

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag til nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver tilskot frå statsbudsjettet 2022 kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven, samt tilbaketrente tilskotsmidlar frå 2020 til fyljande prosjekt:

Nr.	Søker	Objektnamn	Tiltak	Tilskot 2022	Tilsegn 2023
1.	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 1-2a	Sluttrapport	200.000	0
2.	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2a	Sluttrapport		0
3.	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2b	Sluttrapport		0
4.	Gamle 3hus på vegne av FAV	Bredsgården 1a	2. år av fleirårig fullstendig istandsetting	4.460.000	4.000.000
5.	Gamle 3hus på vegne av VATS	Svensgården 4a	Istandsetting, mellombels ferdigstilling	0	0
6.	Gamle 3hus på vegne av VATS	Svensgården 5a	Istandsetting, mellombels ferdigstilling	0	0
7.	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6a	2. år av fleirårig, fullstendig istandsetting	2.400.000	2.000.000
8.	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6b	2. år av fleirårig, fullstendig istandsetting	1.800.000	2.000.000
9.	Stiftelsen Bryggen	Stolpehuset	Istandsetting. Tømrerarbeid og attmontering av	1.200.000	0

			bygningen som vart teken ned i 2021.		
10	Einar Børs for A/S Enhjørningsgården	Enhjørningsgården	Tiltak mot setning	50.000	0
11	Stiftelsen Bryggen	Alle gårder	Felles drift	450.000	0
12	Stiftelsen Bryggen	Alle gårder	Materialbank	128.025	0
13	Bergen kommune		Førebuing av formelt godkjent buffersone UNESCO verdsarv	0	0
14	Bergen kommune		Driftsmidlar til verdsarvkoordinator	1.000.000	0
15	Stiftelsen Bryggen		Dekning av driftsunderskot ved besøkssenter som følge av Covid-19 situasjonen	100.000	0
16	Stiftelsen Bryggen		Prosjekt om formidling av pågåande istandsettingsarbeid	50.000	0

2. Avdelingsdirektøren set nærare vilkår for bruken av løyvde tilskot.

3. Dersom tiltak jf. tabellrad 1 -16 ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering avdelingsdirektøren høve til å omfordele midlane til ein eller fleire av dei innkomne søknadane. jf. pkt. 1 ovanfor.

4. Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar. Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.